

Møte FAU, Hafslo skule 21.9-23

Til stades: Eirik Hoem, Tonje Helen Veret, Anne Grethe Sønsthagen, Anne Grete Lomheim, Ine Jeanett Skjerven, Tomas Kjølraug, Linda Marie Hagelin, Karin Sørli Street.

Sak 04 2023/24 Referat frå sist (23.09.23 og 25.05.23)

- Godkjent utan innvending.

05-2023/24 Informasjon om Nye Hafslo barnehage v/ Audun Torvaldsen

- Denne saken vert utsett. Audun vert invitert inn i neste møte, der det og er eit ynskje om å høyre om fleirbrukshall og ungdomsbase. Prosjekt knytt mot trafikkbiletet er interessant for FAU.

06-2023/24 Mobilundersøkinga

- Resultat etter undersøkinga leggst ved referatet. FAU kjem til å basere sin innstilling på resultatet av undersøkinga. Gangen vidare er at ei innstilling frå vert sendt til SU, medan skule tar dette opp blant tilsette og elevråd.

07-2023/24 Julefest

- 1-4 klasse: 5. Desember kl. 18:00. Besteforeldre vert invitert til generalprøven 4.12 kl 12:00. Nissen blir ikkje invitert i år, så det blir ikkje godteposar.
- 5-7 klasse: 6. Desember kl 18:00 Foreldre søsken og besteforeldre vert invitert.
- Vi har fleire nye landsmenn som dette er nytt for, desse treng sikkert hjelp til å komme seg hit. Tomas høyrer med Raude kross om desse kan bistå her. Fleire i FAU kan stille på transport om det er ynskjeleg. Tomas og Lars Olav bistår på transport her.

08-2023/24 Foreldrenettverk – status og vegen vidare

- Nokre klasser har gjennomført. Ansvar for innkalling bør ligge på klassekontaktene. 1 og 6 klasse har gjennomført, resten blir oppmoda om å minne klassekontaktene til å gjennomføre.

- Det er viktig å ha litt fokus på møtegjennomføring, slik at alle blir hørt og viktige saker vert ivareteke.
- Det er svært viktig for skulen å ha med foreldra på laget når det gjeld korleis ungane oppfører seg, og har det. Trygt og godt skulemiljø er ikkje bare eit skuleansvar, men og eit foreldreansvar. Det er eit ynskje om at det frå foreldrenettverket vert sett fokus på språkbruk og anna type nedlatande åtferd.

09-2023/24 Bildebruk på kontoar for sosiale medium til skulen.

- Det er viktig at dei som disponerar offisielle SOME plattformer går føre og har fokus på kva type bilete som vert lagt ut. Dei som ikkje ynskjer anten gjennom beskjed der og da, eller ikkje har gjett samtykke i forkant skal respekterast. Ta bilete av situasjonar og ikkje personar. Dette kan og takast opp som ein sak i klassegruppene.

10-2023/24 Leksehjelpsordninga – orientering og innspel

- Her har det kommet inn innspel frå ein føresett om at leksehjelpe ikkje oppfattast som at den er for alle. FAU har tatt opp saken med skulen og sett på intensjon og reglement for leksehjelpe. Det vert gitt ein direkte respons på den aktuelle saken.

11-2023/24 Orienteringsaker: Gratisprinsippet, bankkontoar/vipps, Brønnøysundsregistra

- Vi kjem attende til dette etter at kommunalsjefen har teke opp dette med rektorane.

12-2023/24 Oppfølging av sak «62/22-23 Organisering av FAU møter, saklister og referat.»

- FAU tenker at det kan være nyttig både for rektor og FAU at rektor kjem inn etter ca 30 minutter. Tida utan rektor, kan såleis nyttast til ting som ikkje er relevant for rektor, eller om ting treng noko ekstra diskusjon før rektor kjem.

Referent LO